



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 08.12.2014
Vår ref.: 2014/22491-2
Saksbehandlar: inggase
Dykkar ref.:

Kulturminneplan. Kulturminnefagleg innspel i høve melding om oppstart av planarbeid og høyring av framlegg til planprogram. Radøy kommune.

Vi viser til brev motteke 21.10.14 med melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for kulturminneplan for Radøy kommune.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå regionale interesser som regional kulturminnestyresmakt.

Som regional kulturminne- og planstyresmakt arbeider Hordaland fylkeskommune for å stimulere kommunane til at kulturminne vert integrert i ei heilskapleg samfunns- og arealplanlegging. Tap av kulturminne må reduserast samtidig som dei må sjåast som ein innsatsfaktor i lokal samfunnsutvikling.

Gode kommunedelplanar for kulturminne med lokaleigarskap er ein viktig reiskap for å få til dette.

Hordaland fylkeskommune har difor ei målsetjing om at alle kommunane i fylket skal ha vedtatt ein kulturminneplan innan utgangen av 2016. For å nå målsetjinga har fylkeskommunen utarbeida prosjektet *Kulturminnekompesitanse i kommunane 2013-2016, KIK-prosjektet*, som skal følgje opp kulturminneplanarbeidet i kommunane. Kommunane som vert med i dette prosjektet får såleis støtte til utarbeiding av planen og tett oppfølging. For meir informasjon om prosjektet:
<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/>

Kommunal planstrategi for Radøy kommune 2012-2016 vart vedtatt i kommunestyret 1. november 2012 sak 079/12. Planstrategien viser kva for planoppgåver kommunen bør setja i gang eller vidareføra. Kulturminneplan er ei prioritert planoppgåve i denne perioden.

Innspel til sjølve planprogrammet

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til disposisjonen til planprogrammet, men vil her gje innspel til planprogrammet jf. pkt. 1-8:

1. Kvifor kulturminneplan?

Innspel: Det er bra at ein set fokus på kvifor ein treng ein kulturminneplan, men det er også viktig at ein har ein tydeleg forklaring om kva ein kulturminneplan er for noko, slik det vert forklart under pkt. *6. plantype, innhald og avgrensingar*. Her vert det nemnd at den kommunale planstrategien seier at kulturminneplanen skal vera ein temaplan. Hordaland fylkeskommune har ingen innvendingar til dette då planarbeidet likevel vil følgje prosesskrava i plan- og

bygningslova § 5 om medverknad og at planen vert følgt opp i kommuneplanen, reguleringsplanar og anna planarbeid og byggesakshandsaming i kommunen.

2. Bakgrunn for planarbeidet.

Innspel: Hordaland fylkeskommune har som målsetting at alle kommunane i fylket skal ha vedtatt ein kulturminneplan innan utgangen av 2016. For å nå målsetjinga har fylkeskommunen utarbeida prosjektet *Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016*, som skal følgje opp kulturminneplanarbeidet i kommunane. For meir informasjon om prosjektet sjå: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/>

Radøy kommune er med i prosjektet og vil få tett oppfølging i planarbeidet.

3. Mål med kulturminneplanen.

Innspel: Her er det viktig at ein får fram at eit av måla med kulturplanen er å synleggjere potensiale for bruk av kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegginga, også som næringsføremål. Eit mål må også vere at kulturminneplanen skal formidle Radøy si historie på ein god måte.

4. Rammer og føresetnader for planarbeidet.

Innspel:

4.2 Lovverk: I høve til plan- og bygningslova er det viktig å formidle § 1 Føremål:
Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser. Her er det også viktig å vise til plan- og bygningslova § 3-1. *Oppgåver og omsyn i planlegging etter lova.* Som mellom anna seier noko om ein skal *sikre jordressursene, kvaliteter i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer.* Ein bør også vise til naturmangfoldslova.

4.3 Regionale planar og rapportar

Innspel: Her bør ein også ha med regional plan for attraktive senter i Hordaland, regional klima – og næringsplan.

4.4 Kommunale planar:

Innspel: Arbeidet med å få oppbevart verdifulle, lause kulturminne på ein skikkeleg måte bør knyttast opp mot tydelege prioriteringar og sett i samanheng med kva som er viktig og kvifor det er viktig for Radøy kommune, gjerne sett i ein lokal, regional og nasjonal samanheng.

4.5 Andre viktige dokument og kjelder

Innspel: Her må ein også ha med:

- Askeladden,
<https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2faskeladden>
- Kulturminnesøk, <http://www.kulturminnesok.no/>
- Kirkesøk, <http://www.kirkesok.no/>
- Vestlandets historie, i flere bind, Knut Helle (red), Vigmostad, Bjørke, <http://fagbokforlaget.no/vestlandet/>
- Det norske næringsliv, Hordaland fylkesleksikon (1952), Johs. Sætherskar

- Rettleiar frå Riksantikvaren og andre kulturminneplanar m.m.,
<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/>

6. Plantype, innhald og avgrensingar

Innspel: Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til kulturminneplanen skal vere ein temaplan, då planarbeidet likevel føl plan- og bygningslova sitt krav til medverknad, jf. § 5-1.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har som målsetting at alle kommunane i fylket skal ha vedtatt ein kulturminneplan innan utgangen av 2016. For å nå målsetjinga har fylkeskommunen utarbeida prosjektet *Kulturminnekompétanse i kommunane 2013-2016*, som skal følgje opp kulturminneplanarbeidet i kommunane. Radøy kommune er med i prosjektet og vil få tett oppfølging i det vidare planarbeidet.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.